



KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

S A M A R B E I D S A V T A L E

Mellom

Musikkens venner Nordhordland (heretter kalla Arrangør) og
Hordaland fylkeskommune
i høve framsyninga «MIGRASONG - tonane dei bar med seg over havet».

Dato for arrangementet: **21. september 2018** (arrangør vel klokkeslett)
Spelestad:

FØREMÅL

Føremålet er å setja fokus på songen som utvandrarane hadde med seg til Amerika på slutten av 1800 talet og korleis desse songane utvikla seg vidare.

INNHOLD

Framsyninga «Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er samansett på grunnlag av eit stort historisk materiale. Me fylgjer utvandrarane si reise frå små bygder i Hordaland: først til Bergen, så vidare til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika.

«Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er tenkt til vel ein times musikk- og forteljarprogram framført av ein songar/kvedar/forteljar som vert akkompagnert av to musikarar. Tore Nysæter er regissør, dramaturg og samarbeidspartner. Bilete og animasjonar, laga av Steffen André Hagen, er integrert i scenebiletet og går i dialog med og forsterkar spelet på scenen.

MEDVERKANDE:

Reidun Horvei, songar/forteljar

Øyvind Lyslo, gitarar og diverse strengeinstrument

Per Inge Hove, harmonium

Tore Nysæter er regissør.

Øyvind Lyslo og **Per Inge Hove** har utarbeidd dei musikalske arrangementa

FORDELING AV ANSVAR

Hordaland fylkeskommune har ansvar for koordinering av turneen "Migrasong-songane dei bar med seg over havet».

• Praktisk tilrettelegging

Musikarane treng ei scene på 4 x 5 meter.

Musikarane har med alt naudsynt utstyr til formidling av lyd og bilet, samt rekvisita som amerikakoffert, kiste, osb.

Der spelestaden har eige PA og projektor av god kvalitet, er det ønskjeleg å nytta dette, men då etter avtale med den einskilde arrangør.

• Marknadsføring og synleggjering

Arrangør har ansvar for den lokale marknadsføringa med annonse i aviser, kontakt med lokale radiostasjoner, oppheng av plakatar, og evt. informasjon til medlemmer/venelag gjennom sosiale media.

Hordaland fylkeskommune vil senda dykk plakatar. Hefte/program for framsyninga vil utøvarane ta med seg. Pressemelding/bilete som kan nyttast for publikasjon i aviser vert sendt dykk i god tid på førehånd.

Det skal i alle samanhengar synleggjerast at framsyninga er eit samarbeid mellom arrangør og Hordaland fylkeskommune.

• Kulturkveld

Arrangør er velkommen til å setja programmet inn i ei utvida råmet. Lokale kjelder som kan fortelja om utvandring/innvandring før og no kan vera ei fint tilskot under ei kaffistund etter framsyninga, og utøvarane er gjerne til stades for ein dialog med publikum etter konserten.

• Økonomi

Utgiftene vert delt mellom fylket og lokal arrangør.

Billettinntektene, og evt. anna stønad (sponsormidlar osv.) går til arrangør. Arrangør betalar ein eigenandel i etterkant på kr. 10.000.- til Hordaland fylkeskommune (faktura vert tilsendt frå fylkeskommunen). Arrangør set sin eigen billettpolis og organiserer billettsal.

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR OG SØKNAD OM STØNAD

Det er høve til å slå seg saman med lag og organisasjonar på staden for å dela på utgiftene, som til dømes Senioruniversitet, Den kulturelle spaserstokken, mållag, lyrikklag, historielag osb. Medlemmer av desse kan få tilbod om førehandskjøp, men det er særsviktig for Hordaland fylkeskommune at tilbodet er ope for alle.

Det finst også nettstadar der ein kan søkja om arrangørstønad som t.d. Fond For Utøvende Kunstrnere (FFUK), Kulturrådet sine heimesider, lokale bankar og historielag.

KONTAKTPERSONAR OG UNDERSKRIFT

Samarbeidsavtalen er sendt ut i to eksemplar. Arrangør signerer og sender eitt eksemplar i retur til:

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
v/Wenche Gausdal
Postboks 7900
5020 Bergen

eller pr e-post til
Wenche.Gausdal@hfk.no

Kontaktperson: Hordaland fylkeskommune, kultur - og idrettsavdelinga
Wenche Gausdal
Tlf: 55 23 99 65/976 87 636
E-post: wenche.gausdal@hfk.no

Kontaktperson: Utøvar
Songar/kvedar Reidun Horvei tlf: 905 49 531
E-post: reidun.horvei.laerum@hfk.no

Kontaktperson: Arrangør
Namn: **Einar Vatne**

e-post: einar.vatne@gmail.com

Telefon: 911 62 900

For Musikkens Venner Nordhordland
Einar
Utviklingssjef/Seksjonsleiar
HFK; Kultur- og idrettsavdelinga
for Arrangør

Ronny B. Skaar
Utviklingssjef/Seksjonsleiar
HFK; Kultur- og idrettsavdelinga